# Kurs i materialkvalitet og virkesutnytting: 2. - 4. november 2023

**Stad:** Dovre Handverksenter, Hjerleid, Jøndalsvegen 3B, 2662 Dovre
Tidsrom: Torsdag 2. nov kl. 18.00 - laurdag 4. nov kl. 13.00
Kursleiar: Steinar Moldal
Overnatting: Rom på Toftemo Turiststasjon
Deltakartal: Max. 15 deltakarar

**Torsdag 2. nov.:**

Frammøte på Hjerleid Handverkskole

**Kl. 18.00** Velkomen og registrering - informasjon om kurset.
**Kl. 18.30** Teori om skog-, tre- og materialkvalitet
**Kl. 20.30** Middag på Toftemo Turiststasjon
Overnatting på Toftemo Turiststasjon. Her blir det også servert frukost og middag og høve til å smøre niste.

**Fredag: 3. nov.:**

**Kl. 09.00** Kursstart
Vi blir i skogen og på sagbruket heile dagen - ta med niste - vi ordnar svartkjel.
**Økt 1:** Vi vurderer materialkvalitet på ståande skog, for deretter å felle nokon tre og køyre stokkane til sagbruket. Vi brukar øks og svans i arbeidet. Sagbruket er på Hjerleid Handverksskole.
**Økt 2:** Vi deler stokkane, brukar ulike skurmønstre og diskuterer materialkvalitet. Korleis kan vi utnytte stokkane og kvaliteten på ein best mogleg måte?

**Kl. 17.00** Vi serverer pizza på skulen og har sosialt i lag med elevane på Handverksskulen.
Overnatting på Toftemo Turiststasjon

**Laurdag 4. nov.:**

**Kl. 09.00** Kurset fortsetter med materialkvalitet, skurmønster og materialkvalitet. Vi vil også lære om tørking og stabling.
Vi avsluttar kurset til kl. 13.

**Kursinnhald:** Kurset vil vere nyttig for alle som er opptekne av materialkvalitet. Deltakarane vil få ei god innføring i korleis ein kan vurdere materialkvalitet på ståande skog. Korleis stokken bør sagast for å utnytte den best mogleg, ulike skurmønstre og kva den ferdige materialen er best eigna til.

**Ta med:** Øks, målband, tømmersaks, barkespade og svans, om du har. Vi blir aller mest utandørs så ta med gode kle og sko.

**Påmelding til:** Norsk Bygdesagforening: admin@sag.no mobil: 918 86 113
**Påmeldingsfrist:** **20. oktober**
**Prisar:** Kr. 3.000 for medlemmar og kr. 4.000 for ikkje-medlemmar. Medlemmar i Norsk Bygdesagforening si ungdomsgruppe får dekka kursavgifta av foreininga men kostar sjølv overnatting og måltid.

Bestilling av overnatting på Toftemo Turiststasjon ordnar kvar enkelt deltakar sjølv. Husk å bestille direkte og opplys om at du skal delta på kurset, så får du 10% rabatt. Kontaktinformasjon til Toftemo Turiststasjon: Ring 61 24 00 45 eller send e-post på post@toftemo.no for bestilling (www.toftemo.no)

Norsk Bygdesagforening sender faktura på kursavgifta etter gjennomført kurs.

Kvar enkelt betalar for opphald og måltid på Toftemo Turiststasjon før avreise på laurdagen.